

Retningslinjer for kulturmidlar i Nesset kommune.

Kommunestyret vedtar kvart år ramme for tilskot til lag og organisasjonar, kulturmidlar.

Utval for Oppvekst og kultur godkjenner retningslinjer for kulturmidlar der rådmannen får fullmakt til å tildele kulturmidlar til godkjente søkarar etter kriterier i retningslinjene. Minstebeløp for tildeling kr 5000.

A: DRIFTSTILSKOT Tilskot til drift og aktivitet Løypekjøringsmidlar 12% av budsj.	67%	Tildeling 1. halvår
B: TILSKOT TIL HUS OG ANLEGG, investeringstilskot		Tildeling 1. halvår
C: RESTTILDELING	33%	Tildeling 2. halvår

A. Driftstilskot til lag, foreiningar, hus og anlegg:

Lag og foreiningar som har aktivitet i Nesset kommune kan søke om kulturmidlar. Utlysing av kulturmidlar skjer på kommunen si heimeside og i kulturmeldinga til alle husstandar i kommunen. Søknadsfristen er 1. april kvart år.

Søkjaren skal ha ei demokratisk oppbygging og eit lovleg valgt styre.

Dato for siste årsmøte skal førast inn i søknaden. Det kan berre vere ein søknad frå kvart lag/organisasjon

1. Obligatoriske vedlegg og opplysningar:

- a. Årsmelding for siste driftsår.
- b. Revidert samandrag av rekneskap for siste driftsår.
- c. Arbeidsplan og budsjett for komande år.

2. Tilskotet vert skjønsmessig vurdert ut frå følgjande kriterier til lag som har:

- Aktivitet retta mot barn og unge
- Aktivitet som fremmer integrering og deltaking for alle.
- Aktivitet og tiltak som fremmer folkehelse og førebygging.
- Ansvar for drift av aktivitets-anlegg og hus.
- Ansvar for oppkøyring av tur- og langrennsløyper. (Løypekjøringsmidlar blir tildelt etter rapportering og søknad innan 1. oktober kvart år)

3. Nystarta lag og foreiningar kan søke om oppstartingstilskot.

B. Investeringstilskot til hus og anlegg:

Lag og foreiningar i Nesset kommune som fyller kriteria for kulturmidlar og som eig aktivitets-anlegg og -hus i kommunen kan søke om tilskot til investeringar. Søknad om investeringstilskot skal sendast på eige elektronisk skjema til Nesset kommune innafor den fristen som vert sett.

(same skjema og frist som for driftstilskot).

1. Eksempel på hus- og anleggstypar som er aktuelle innafor denne ordninga er: bedehus, ungdomshus, samfunnshus, grendahus, aktivitetsflater og idrettsanlegg med og utan hus, løkker/nærmiljøanlegg, skianlegg med og utan lys, leikeplassar, stiar og anlegg knytt til desse.
2. Det skal leggst ved budsjett og finansieringsplan for tiltaket.
3. Prioriteringar i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og kulturbygg vert lag til grunn for tildeling.
4. Større tiltak som går ut over budsjettramma må handsamast særskild av kommunestyret.

Retningslinjer for kulturmidlar i Nesset kommune.

C: Resttildeling

Tar opp tilfeldige tiltak som det kan bli søkt om gjennom året eller tiltak der kommunen har avtale om samarbeid f.eks Eresfjord samfunnshus og www.skisporet.no Rådmannen vurderer i kvart tilfelle om det er grunn til politisk behandling av desse. Alle søkarar blir vurdert for resttildeling i høve til evt. rest som står att pr. 1. desember kvart år.

Klage: Det er etter forvaltningslova §27 tredje ledd rett til å klage over vedtak i slike saker. Slik klage må vere framsett til avsendar av melding om vedtak innan 3 veker. Klageinstans for klager som ikkje får fullt medhold er kommunal klagenemnd.

Retningslinjer vedtatt av Utval for helse oppvekst og kultur sak nr 3/16 Dato: 10.02.2016